

#verdakjemtilførde



3.-7. JULI 2024

førde- festivalen

RØTER | ROOTS

FESTIVALGUIDE

 = Inkludert i festivalpass



Forklaring til billettprisar:

300/220/200
Ordinær Pris m. pass Ung

ONSDAG 3. JULI		Arena	Billettprisar
07.00–18.00	Med IST og Margreth Olin gjennom Oldeskaret	Oldeskaret	www.dnt.no
10.00–10.30	Musikkstund med Safaa	Vie barnehage	Gratis
13.00–13.30	Musikkstund med Safaa	Naustdal idrettsbarnehage	Gratis
16.00–17.00	Sykkeli lykkeli	Parken, Festplassen	150/100/100
17.30–18.30	Sykkeli lykkeli	Parken, Festplassen	150/100/100
17.30–19.10	Festivalfilm: Je'vida	Lisjesalen, Førdehuset	fordehuset.no
19.30–20.00	Kunstvandring med AGB	Høgsalen, S og Fj. Kunstmuseum	Gratis m/festivalpass
20.00–21.00	Mojna	Vesle Kinn, Florø	300/220/200
21.00–22.00	Lávre	Larris Scene, Scandic	300/220/200
TORSDAG 4. JULI		Arena	Billettprisar
09.30–16.00	Førdekonferansen 2024	Amfi Eikaas, Scandic	1 100
10.00–10.30	Musikkstund med Safaa	Sunde barnehage	Gratis
11.00–11.45	Musikk i sentrum	Torgscena, Elvetorget	Gratis
12.30–12.50	Kaffipraten: Erlend Apneseth og Karin Nakagawa	Nynorskhuset, Røyst	Gratis
13.00–13.30	Musikkstund med Safaa	Langhaugane barnehage	Gratis
14.00–15.15	Film: Kora Tales	Lisjesalen, Førdehuset	Gratis
18.00–19.00	Erlend Apneseth og Karin Nakagawa	Festsalen, Førdehuset	300/220/200
20.00–21.30	Opningskonsert: Røter	Idrettshallen, Førdehuset	540/---/200
22.00–00.00	Danseglede!	Festsalen, Førdehuset	200/---/100
22.30–23.30	Aziza Brahim	Larris Scene, Scandic	300/220/200
23.00–02.00	Sommarnatt på Jølster	Jølstramuseet, Vassenden	380/240/200
FREDAG 5. JULI		Arena	Billettprisar
10.00–10.30	Musikkstund med Safaa	Parken, Festplassen	Gratis
10.30–11.15	Musikk i sentrum	Torgscena, Elvetorget	Gratis
11.15–11.45	Faneparade med AGB	Torgscena til Førdehuset	Gratis
12.00–13.00	Cédric Dind-Lavoie: Archives	Festsalen, Førdehuset	300/220/200
12.00–13.00	groove&	Teatersalen, Førdehuset	300/220/200
12.30–12.50	Kaffipraten: Julie Fowlis	Nynorskhuset, Røyst	Gratis
13.00–13.30	Musikkstund med Safaa	Bygstad barnehage	Gratis
13.30–14.30	Mamelukk dansekompani: Livmødre	Nynorskhuset, Teatersalen	300/220/200
15.00–16.00	Mojna	Larris Scene, Scandic	300/220/200
15.00–16.00	Ali Dağan Gönültaş Trio	Festsalen, Førdehuset	300/220/200
17.00–18.00	Lina_Fado Camões	Storsalen, Førdehuset	400/250/200

18.30–19.30	Yuşan Zillya	Teatersalen, Førdehuset	300/220/200
18.30–19.30	Perkverket	Nynorskhuset, Teatersalen	300/220/200
20.00–21.30	Keltisk festkveld: Julie Fowlis / Ímar	Idrettshallen, Førdehuset	430/---/180
22.00–00.30	Meir dans!	Festsalen, Førdehuset	200/---/100
22.30–01.30	Puuluup / Naaljos Ljom	Larris Scene, Scandic	390/260/200
23.00–00.00	Gjermund Larsen Trio	Førde kyrkje	400/250/200
LAURDAG 6. JULI		Arena	Billettprisar
09.00–10.30	Festivalfrukost i parken	Parken, Festplassen	Gratis
11.30–12.00	Kartellet: An dran drin drekt	Torgscena, Elvetorget	Gratis
11.30–11.50	Kaffipraten: Marjan Vahdat	Nynorskhuset, Røyst	Gratis
12.30–13.10	706 moh.: Lena Jonsson Trio	Hafstadfjellet	280/220/200
12.30–13.30	Gabriel Fliflet Band: I lys loge	Nynorskhuset, Teatersalen	300/220/200
14.00–14.20	Kaffipraten: Drew Gonsalves (Kobo Town)	Nynorskhuset, Røyst	Gratis
14.30–15.30	Tuva Færden: Greiner	Festsalen, Førdehuset	300/220/200
14.30–15.30	Boubacar Traoré	Larris Scene, Scandic	300/220/200
15.30–16.00	Kartellet: An dran drin drekt	Ved hovudinngong, Førdehuset	Gratis
16.30–17.30	Votia	Parken, Festplassen	380/---/200
18.00–19.00	Ulf-Arne Johannessen: Å rekke å elske	Nynorskhuset, Teatersalen	300/220/200
18.00–19.00	Sousou & Maher Cissoko	Festsalen, Førdehuset	300/220/200
20.00–21.30	Nordiske røter	Idrettshallen, Førdehuset	430/---/200
21.30–01.00	Endå meir dans!	Festsalen, Førdehuset	200/---/100
22.30–00.30	Columbi Egg	Restaurant Hugleik, Scandic	320/220/200
23.00–02.00	Festivalnatt: Ladama / Kobo Town / DJ Claptrap	Sunnfjordsalen, Scandic	450/260/200
SØNDAG 7. JULI		Arena	Billettprisar
11.00–12.30	Festivalgudsteneste	Førde kyrkje	Gratis
11.30–12.30	Maija Kauhanen & Johannes Geworkian Hellman	Teatersalen, Førdehuset	300/220/200
12.00–14.30	Familiesøndag	Førdehuset	Gratis
13.30–14.30	Opheim / Apeland / Økland	Førde bedehus	300/220/200
15.00–16.00	Marjan Vahdat og Tord Gustavsen	Storsalen, Førdehuset	480/---/200
17.30–18.30	Ladama	Sognefjord akvarium, Balestrand	300/220/200
17.30–18.30	Lena Jonsson Trio	Jakob Sande-tunet, Dale	300/220/200
18.30–20.10	Festivalfilm: Je'vida	Lisjesalen, Førdehuset	fordehuset.no

Bornebillett kr 75 på alle konsertar.

Born: Under 14 år • Ung: under 25 år

Finn meir informasjon om prisar på eiga side om billettinformasjon eller les meir på fordefestival.no

*For påmelding Førdekonferansen, sjå fordefestival.no





MED INDRE SUNNFJORD TURLAG OG MARGRETH OLIN GJENNOM OLDESKARET

07.00–18.00 Oldeskaret



Bli med! Gå klassikaren 'Oldeskaret' frå Oldedalen til Stardalen, saman med Margreth Olin og Indre Sunnfjord Turlag. Olin er skaparen av Fedrelandet, Noregs nye 'nasjonalfilm' som går sin sigersgang på internasjonale filmfestivalar. På sjølvaste Spelemannsmyra, midt mellom dei to dalane, blir det konsert med Britt Pernille Frøholm. *Transport frå Førde. NB! Påmelding. Les alt om turen på www.dnt.no*

MUSIKKSTUND MED SAFAA

10.00–10.30 Vie barnehage

Bli med irakiske Safaa Al-Saadi på ei musikalsk reise til ein barndom full av leik, fantasi, musikk og song – og hans hemmelege ven, Bolbol. Safaa spelar mange arabiske instrument, og elsker å spreie gode opplevingar fulle av energi og lengsel. *Gratis.*

MUSIKKSTUND MED SAFAA

13.00–13.30 Naustdal Idrettsbarnehage

Sjå omtale over. Gratis.

SYKKELI LYKKELI

16.00–17.00 Parken, Festplassen

17.30–18.30 Parken, Festplassen



Spinn, spinn, kanskje du finn... ei spinnvill framsyning på hjul! Silje og Arturo jaktar dei villaste rytmane, dei raraste lydane og dei største drakebrøla! *Bli med Barnas Turlag på ulike aktivitetar før framsyning. Alder: Alle*

FESTIVALFILM: JE'VIDA

17.30–19.10 Lisjesalen, Førdehuset

Lida reiser tilbake til Nord-Finland for å tømme barndomsheimen sin, men vert konfrontert med minne og ei nysgjerrig ung niese. Filmen fortel ei sterk historie om skam, marginalisering og den destruktive påverknaden eit tap av kultur og identitet har. Men viktigast er den ein hyllest til urfolket sin styrke. *I samarbeid med Kino Førde. (12 år) Ungdom/vaksne.*


KUNSTVANDRING MED AGB

19.00–19.30 Sogn og Fjordane Kunstmuseum

Branko Boero og Agnes Nedregård guidar deg gjennom festivalstillinga Kunst i dei tusen heimar. *Gratis med festivalpass.*

MOJNA

20.00–21.00 Vesle Kinn, Florø



Med nykomponert, oppfinnsam nordisk folkemusikk på gitar, hardingfele og klarinett/bassklarinet, byr denne norsk/svenske trioen på musikk som mjukt tek deg med inn i dempa danserytmar og delikate melodiar som er nye, men likevel har noko kjent ved seg. Årets instrumentaland i Sverige i 2023! *Mojna har og konsert på Larris Scene fredag.*

LÁVRE

21.00–22.00 Larris Scene, Scandic



Lávre Johan Eira er ein ung samisk artist og muskar frå Kautokeino som er sterkt forankra i den samiske joike-tradisjonen. Med gitar og effektpedalar skapar han eit atmosfærisk lydbilete, og ein spennande kombinasjon av tradisjonell joik og samtidsjoik, meditative gitar-dronar og mystiske tekstar. Dette er Lávre sitt djupdykk i det historiske opphavet til folket sitt.

FØRDEKONFERANSEN 2024: RØTER OG FØTER

09.30–16.00 Amfi Eikaas, Scandic
Aktuell kulturkonferanse om røter og tradisjonar og kva verdi dei har for identitet og felles ståstad. *Les meir om konferansen på eiga side i brosjyren eller på fordefestival.no.*

MUSIKKSTUND MED SAFAA

10.00–10.30 Sunde barnehage



Sjå omtale onsdag.

MUSIKK I SENTRUM

11.00–11.45 Torgscena, Elvetorget
Her får du gratis smakebitar frå eit fyldig festival-program. *I billettvogna ved Elvetorget får du informasjon og billetter til alle arrangement.*

KAFFIRATEN:

ERLEND APNESETH OG KARIN NAKAGAWA

12.30–12.50 Nynorskhuset, Røyst
Erlend Apneseth og Karin Nakagawa i samtale med Jo Frost tidlegare redaktør i Songlines.

MUSIKKSTUND MED SAFAA

13.00–13.30 Langhaugane barnehage, Vassenden
Sjå omtale onsdag.

FILM: KORA TALES

14.00–15.15 Lisjesalen, Førdehuset
Koraen er eit av dei mest ikoniske og virtuose instrumenta i Afrika. I denne filmen blir vi med Ballaké Sissoko, den prisløna musikaren frå Mali, på ei unik reise, frå opphavet til den afrikanske harpa og fram til i dag. Gjennom segner, historie, tradisjonar og nyskaping. Kort intro ved Lucy Duran, ein av filmskaparane bak filmen.

ERLEND APNESETH OG KARIN NAKAGAWA: THE WAY OF THE WIND

18.00–19.00 Festsalen, Førdehuset



URFRAMFØRING

To år etter at den norsk-japanske duoen delte scene første gong, møtest Erlend Apneseth og Karin Nakagawa igjen. Denne gongen med nyskriven musikk for strengeinstrumenta hardingfele og koto. *The way of the wind* byggjer på norsk og japansk folkemusikk, som har ein slags felles rytmikk, tonalitet og uttrykk. Duoen nyttar ulike teknikkar som gjev nye og uventa klanger, som likevel er ei forlenging av instrumenta sin naturlege eigenart.

OPNINGSKONSERT: RØTER

20.00–21.30 Idrettshallen, Førdehuset



groove&

Bli med på ei reise med musikalske røter frå heile verda. Vi får høyre den energiske perkusjonstrioen groove& frå Korea, Cédric Dind-Lavoie frå Canada som spelar med stemmer frå fortida, koraduoen Sousou & Maher Cissoko frå Sverige og Senegal, kurdiske Ali Doğan Gönültaş frå Tyrkia, mytisk joik med Låvne frå Sápmi, aktivisten Aziza Brahim med musikalske røter frå Vest-Sahara og Spania, og dei vakraste tonar med Gjermund Larsen Trio frå Noreg. Konferansier er forfattar og formidlar Liv Gulbrandsen. *Dørene opnar kl. 19.15.*

DANSEGLEDE!

22.00–00.00 Festsalen, Førdehuset



Om du har dansa mykje eller lite, Festsalen er staden for deg som vil svinge deg til friske dansetakter av beste merke servert av Sunnfjord juniorspelemannslag og gruppespelvinnarane frå Landsfestivalen i gammaldans i 2023, Kompani Byre. *Gratis med festivalpass/billett til opningskonsert.*

AZIZA BRAHIM

22.30–23.30 Larris Scene, Scandic



Med si djupe og lidenskaplege stemme byggjer Aziza Brahim bru mellom røtene sine i Vest-Sahara, via ungdomstid på Cuba, og vaksenliv i Barcelona, der ho no bur i eksil. Ho er ein lyrisk poet og ei sterk talskvinne for det saharawiske folket sin kamp for eitt eige land. Musikken hennar reflekterer både sorga og håpet til alle dei tusen som flykta frå heimane sine i Vest-Sahara til leirar på grensa til Algerie.

SOMMARNATT PÅ JØLSTER

23.00–02.00 Jølstramuseet, Vassenden



I idylliske omgjevnader på Jølstramuseet breier sommarnatta om seg i møte med folkemusikk frå fjern og nær. I Låven blir det både dansespel og konsertar. I Eldhuset og Strandstova inviterer vi til nære akustiske møte med Duo Kurbasy, Ali Doğan Gönültaş Trio, Cédric Dind-Lavoie/Alexis Chartrand, Murakami/Færden, Mojna, NMH-studentar og Indre Sunnfjord spelemannslag. *Sal av mat og drikke. Gratis buss frå Førdehuset kl. 22.15, og retur kl. 02.00.*

FREDAG 5. JULI

MUSIKKSTUND MED SAFAA

10.00–10.30 Parken, Festplassen

Sjå omtale onsdag.

MUSIKK I SENTRUM

10.30–11.15 Torgscena, Elvetorget

Ny festivaldag, og nye smakebitar frå det som skal skje dei neste dagane på festivalen. *Billetter og informasjon får du i billettvoyna ved Elvetorget.*

FANEPARADE MED ALT GÅR BRA

11.15–11.45 Torgscena–Førdehuset

Alt Går Bra inviterer alle til å bli med i parade. Kom som du er, og ta gjerne med instrument eller anna som kan lage lyd.



CÉDRIC DIND-LAVOIE: ARCHIVES

12.00–13.00 Festsalen, Førdehuset



Dette er ein konsert laga av dei som er borte. Stemmene deira, instrumenta deira, fottrampinga, i originalopptak frå Quebec på 1940- og 50-talet. Gjennom ein bandopptakar er det stemmene frå fortida som spelar hovudrolla, medan multi-instrumentalist og komponist Cédric Dind-Lavoie og felespelar Alexis Chartrand akkompagnerer låtane og gjer dei tilgjengelege for moderne øyre. Det er musikk, men også ei kjærleikserklæring og ei påminning om dei som har vore.

GROOVEË

12.00–13.00 Teatersalen, Førdehuset



grooveë er ein perkusjonstrio som formidlar eld-gamle tradisjonar frå Korea gjennom eit mangfald av perkusjonsinstrument. Sart, lett, leikande, tøft og fascinerande. Dei skaper eit variert lydbilde, der intrikate arrangement og improvisasjon går hand i hand med artisteri og presisjon.

KAFFIPRATEN: JULIE FOWLIS

12.30–12.50 Nynorskhuset, Røyst

Møt skotske Julie Fowlis i samtale med Jo Frost, tidlegare redaktør i musikkmagasinet Songlines.

MUSIKKSTUND MED SAFAA

13.00–13.30 Bygstad barnehage

Sjå omtale onsdag.

MAMELUK DANSEKOMPANI: LIVMØDRE

13.30–14.30 Nynorskhuset, Teatersalen



Ei hardtsparkande danseframsyninga der Mamelukk Dansekompagni utforskar korleis ulike syklusar i eit kvinneliv kan tematiserast i hallingtakt. Kan noko av det mest kvinnelege som finst, uttrykkast gjennom ein dans som alltid har vore utvikla på menn sine premisser? Fem dansarar og to musikkarar, alle kvinner, viser eit rått og ærleg bilede av korleis det er å vere kvinneleg hallingdansar, og kanskje kjem det ut ein ny type tradisjonsdans på andre sida?

MOJNA

15.00–16.00 Larris Scene, Scandic

Sjå omtale onsdag (konsert på Vesle Kinn i Florø).

ALI DOĞAN GÖNÜLTAŞ TRIO

15.00–16.00 Festsalen, Førdehuset




Kurdiske Ali Doğan Gönültaş er fødd i Kiğı, i Aust-Anatolia, der tradisjonar og historie først og fremst vert overførte gjennom musikk. Med ei uttrykksfull stemme og drøymande komposisjonar, formidlar han dei mange rytmane og språka som er spesifikke for dei anatolske/mesopotamiske busetingane. Etter 10 års feltarbeid kom den kritikarraste debutplata Kiğı (2022), med musikk frå dei siste 150 åra i heimbyen hans. Slik vert denne spesifikke tradisjonen teken vare på for ettertida, sjølv om minna falmar.



LINA_FADO CAMÕES

17.00–18.00 Storsalen, Førdehuset



Opplev Portugal si nye fadostjerne, Lina_, som fekk eit eventyrlig internasjonalt gjennombrøt i 2020 då ho samarbeidde med gitarist og produsent Raúl Refree. I Fado Camões, gjev ho seg i kast med poesien til Camões, ein av dei største referansane i portugisisk kultur, og samarbeider med britiske Justin Adams (Robert Plant, Tinariwen, Souad Massi). Smakfulle arrangement signert musikal og komponist John Baggott toppar det heile. Lina_ er i ferd med å lukkast med ønsket sitt om å modernisere fadoen for nye lyttarar og nye generasjonar.

YUŞAN ZILLYA

18.30–19.30 Teatersalen, Førdehuset



Med inderleg og sterk vokal akkompagnert av cello og saz er Yuşan Zillya møtet mellom krim-tatarane Djemil Karikov og dottera Nial Khalilova og den ukrainske songaren Nataliia Rybka-Parkhomenko. Saman koplar dei to kulturalar, to språk og to folk i ei felles historie i eit prosjekt som speglar tatarane sin årelange motstandskamp og utrøyttetelege kjemping for å ta vare på røtene sine og kulturen sin.

PERKVERKET

18.30–19.30 Nynorskhuset, Teatersalen



Perkverket er perkusjonist Birger Mistereggen sin store draum om ein konsert for trommeslagarar og slagverkstradisjonar frå fleire verdsdelar. Jon Balke er både komponist og utøvar, og Helge Norbakken, Kaveh Mahmudiyan, Sanskriti Shresta, Michaela Antalová, Nora Sjøgren, Jakop Janssønn, Solo Diarra og Mistereggen sjølv er medskapande i dette møtet mellom tablas og norske trommeslåttar, persiske og samiske rammetrommer, syngande trommeskinn, tunge groovar, heftige tuttparti og solistiske eskapadar.

KELTISK FESTKVELD: JULIE FOWLIS / ÍMAR

20.00–21.30 Idrettshallen, Førdehuset

Velkomen til ein keltisk festkveld med to artistar i verdsklasse!



Julie Fowlis er ei stjerne i skotsk folkemusikk og høgt respektert både for si utanomjordiske stemme og for sitt engasjement for å halde skotsk-gælisk språk i live. Aller mest kjend er ho kanskje for å syngje tittelsporet på Disney Pixar-filmen BRAVE (2012), som vann både Oscar og Golden Globe. Saman med bandet sitt er ho klar for å fortrylle førdepublikummet.



KELTISK FESTKVELD FORTSET

20.00–21.30 Idrettshallen, Førdehuset



Årmar er eit av dei mest ettertrakta konsertbanda frå øyriket i vest. Dei spelar musikk frå den overlappende kulturarven frå Skottland, Irland og Isle of Man. Desse stadene delte ein gong det same gæliske språket, og eit liknande slektskap finst også mellom dei musikalske tradisjonane. Musikken er intens, energisk og presis, med både raske låtar, sprettande reolar og langsame vakre melodiar. Her er det lov både å danse og trampe med! *Dørene opnar 19.15.*

MEIR DANS!

22.00–00.30 Festsalen, Førdehuset

På tide å finne fram danseskoa og svinge seg til den aller beste gammaldansmusikken. I kveld får landsfestivalvinnarane Kompani Byre selskap av sjølvaste Pål Bratås og co i Rolf Roys. *Gratis med festivalpass/billett til Keltisk festkveld.*

PUULUUP / NAALJOS LJOM

23.00–01.30 Larris Scene, Scandic

22.30–23.00 Danseskule med NMH-studentar



Rart og sjarmerande! Med ein porsjon surrealisme, moderne folklore og tradisjonsinstrumentet joughikko har Estlands-duoen Puuluup skapt ei makelause blanding av gammalt og nytt.

Dei kallar musikken sin "zombie-folk". Den karakteristiske lyden av joughikko-harpa vert send gjennom effektpedalar og loopmaskin. Tekstar og melodiar er ei blanding av nostalgi og improvisasjon, der dei fleste songane handlar om kjærleik og langrenn. Mest om langrenn.



Folkemusikk møter elektronisk dansemusikk. Inspirerte av Eivind Groven og Erik Eggen, har Naaljos Ljom skapt sitt heilt nye konsept, der oppskrifta er å blande norsk mikrotonal folkemusikk med elektronikk. Anders Hana og Morten Joh trakterer ei rekkje instrument og mange jodalar. Dei har også med seg gjestemusikar Rasmus Kjørstad. Her blir det klubbstemning!

GJERMUND LARSEN TRIO

23.00–00.00 Førde kyrkje



Gjermund Larsen er ein av Noregs mest kjende folkemusikarar. Med sitt leikne og kjensleladde felespel har han fanga publikum langt utover det tradisjonelle folkemusikkpublikummet. Saman med Andreas Utne på trøorgel og piano, og Sondre Meisfjord på kontrabass, gav han i haust ut si femte trioplate, Tøyen Sessions. Trioen har eit unikt samspel, og ein heilt eigen dynamikk. Det er berre å glede seg til Gjermund Larsen sine melodiose og vakre komposisjonar skal fylle Førde kyrkje denne seine kveldstimen.



FESTIVALFRUKOST I PARKEN

09.00–10.30 Parken, Festplassen

Velkomen til ein herleg start på dagen, med frukost i det fri, festivalmusikk og med kokkane i NKL som det beste vertskap. Langbord, benkar og matbuffear er klare til å ta imot alle, men ta gjerne med eige piknikutstyr, og lag din eigen vesle plass i det grøne! *Ved dårleg vær flyttar frukosten under tak. Info på Facebook og heimeside.*

KAFFIPRATEN: MARJAN VAHDAT

11.30–11.50 Nynorskhuset, Røyst

Iranske Marjan Vahdat i samtale med tidlegare redaktør i musikkmagasinet Songlines, Jo Frost.

KARTELLET: AN DRAN DRIN DREKT

11.30–12.00 Torgscena, Elvetorget

15.30–16.00 Hovudinggang, Førdehuset



Dansarane i Kartellet byr på rare triks, felespel på styler, sprø folkedans og artige regler. Tittelen og regla er ein rytmisk leik, og dei vil dele med verda at den rare, artige leiken er gull verd. Kartellet håpar å inspirere til at folk leikar meir i kvardagen, kanskje til og med dansar!

706 MOH.: LENA JONSSON TRIO

12.30–13.10 Hafstadfjellet, 706 moh.

Lena Jonsson har karismaen til ei rockestjerne og er ei av Sverige sine mest spennige og innovative folkemusikarar! Ho tek med seg trioen sin til vår nydelege panorama-arena, og serverer rotekte svensk folkemusikk, smakfullt og freidig blanda med litt jazz, litt amerikansk old-time og toppa med smittande speglede. Indre Sunnfjord Turlag er guidar. *Gratis buss kl. 10.00 frå Festplassen. 2t fottur til toppen. Retur via Bruland og buss til sentrum.*

GABRIEL FLIFLET BAND: I LYS LOGE

12.30–13.30 Nynorskhuset, Teatersalen



Til alle tider, i alle kulturar, har folk samla seg rundt bålet. Der har dei fortalt soger, laga mat, sunge, kviskra løyndomar og varma kroppane sine. Framleis lokkar bålet oss! I songsyklusen I lys loge vil eld og flamme, gneist og lys, vere ein glødande tråd for fem syngande musikarar. Leikne og lyttande tekstar er nyskrivne av Kjartan Fløgstad og musikken, laga av Gabriel Fliflet, er melodisk og vandrar i landskapet mellom jazz, folkemusikk og viser.

KAFFIPRATEN: DREW GONSALVES (KOBOTOWN)

14.00–14.20 Nynorskhuset, Røyst

Frontfigur i Kobo Town, Drew Gonsalves blir intervjuva av Jo Frost, tidlegare redaktør i Songlines.

TUVA FÆRDEN: GREINER

14.30–15.30 Festsalen, Førdehuset



URFRAMFØRING

– Musikk er eit urspråk med røter som kan strekkje seg heile vegen frå Norge, til den persiske og indiske musikken. Frå Japan, til Brasil og heile vegen tilbake til den norske hardingfela, seier Tuva Færden om utgangspunktet for tingsverket Greiner. Til Førde har ho med seg musikarar som i tillegg til sterke røter, har ei eiga evne til å strekke ut greinene sine og røre ved oss med måten dei er til stades i musikken på: Javid Afzari Rad, Luiz Murakami, Jo Berger Myhre og Michaela Antalová.



BOUBACAR TRAORÉ

14.30–15.30 Larris Scene, Scandic



Den levande legenda i mandingomusikken ber med seg alt det vakre i afrikansk blues. Han var den første til å spele mandingo på elgitar, og Mali sitt svar på Elvis Presley og Chuck Berry på 60-talet. I dag blir Boubacar Traoré respektert og hylla av dei unge i Mali, som ein grunnleggjar av og ambassadør for moderne mandingomusikk. Med karakteristisk røyst og eminent gitarspel, har Boubacar Traoré turnert i heile verda, men alltid returnert til garden sin utanfor Bamako, der han driv med sauer og dyrkar grønsaker.

VOTIA

16.30–17.30 Festplassen



Velkomen til ein konsert med herlege maloya-rytmar og energi i overflod! I familiebandet Votia har Marie-Claude Lambert-Philéas teke opp arven etter faren, legendariske Gramoun Lélé, og formidlar maloyatradisjonen til framtidige generasjonar både heime på Réunion og til verda utanfor. Votia sin musikk er ei feiring av livet. Gleda over å vere til. Gleda over å synge og spele. Gleda over å danse i graset.

ULF-ARNE JOHANNESSEN: Å REKKE Å ELSKE

18.00–19.00 Teatersalen, Førdehuset



Å rekke å elske er ei musikalsk og visuell forteljarframsyning om og med dansar, muskar og treskjerar Ulf-Arne Johannessen. Åleine på scena driv han forteljinga fram med videokunst, eigen musikk og dans. Både einradaren og treskjerarverktøyet – og tradisjonane knytte til dei – har han arva frå slektningar. Ulf-Arne sin morfar ville meir enn noko anna søkje kunst- og handverkskulen i Oslo, men foreldra snakka han frå det, fordi å jobbe på jernbana gav betre pensjon. Etter mange frustrerte år i NSB, og på heimeverkstaden kvar einaste kveld, dør han før han rekk å bli pensjonist.

SOUSOU & MAHER CISSOKO

18.00–19.00 Festsalen, Førdehuset



Vi riggar festsalen med fluktstolar, puter og matter, og inviterer deg til musikalsk siesta med den nydelege strenge-duoen frå Sverige og Senegal. Sousou og Maher Cissoko vaks begge opp i muskar-familiar, og møttest gjennom kjærleiken til den vest-afrikanske koraen. Dei kombinerer smakfullt koraspel med nydeleg song, rytmisk energi og impulsar frå reggae, folk, soul og jazz. Len deg tilbake og drøym deg inn i musikken!



NORDISKE RØTER

20.00–21.30 Idrettshallen, Førdehuset



Velkommen til ein heilnordisk konsert i storstova vår. På scena vil rundt 20 musikarar vere i aksjon, fordelt på ein duo, ein trio, ein septett og eit 10-manns storband. Ta vel imot: den finsk/svenske stjerne-duoen Maija Kauhanen & Johannes Geworkian Hellman, den alltid glitrande Lena Johnsson Trio, våre eigne grensesprengande Madam Jam, og ikkje minst det svenske folk-storbandet Spøket i Köket, som kallar seg ein katastrofoni av heimebrend folkemusikk i storbandformat! *Dørene opnar kl. 19.15.*

ENDÅ MEIR DANS!

21.30–01.00 Festsalen, Førdehuset



Gjer deg klar for ei siste økt på parketten i Førdehuset for i år! I kveld står lokale Indre Sunnfjord spelemannslag på scena, Madam Jam byr på dansekonsert og Spøket i Köket slår til med sine 'heimebrende' dansetakter. *Gratis med festivalpass/ billett til Nordiske røter.*

COLUMBI EGG

22.30–00.30 Hugleik, Scandic

Klubbverten over alle klubbvertar, Gabriel Fliflet, er på plass i Hugleik og inviterer til ein kveld med akustiske gjester frå øvste hylle: Sousou & Maher Cissoko, Susanne Lundeng, Opheim / Apeland / Økland og kanskje fleire.

FESTIVALNATT

23.00–02.00 Sunnfjordsalen, Scandic

LADAMA



Dei fire musikarane og songarane i LADAMA er søstre i song, rytme og ånd. Med musikk frå heimlanda sine, Brasil, Colombia, Venezuela og Nederland, nyttar dei både tradisjonelle og utradisjonelle instrument frå heile Amerika, for å lage latin alternativ musikk. Dei gjev oss både cumbia, maracatu, onda nueva og joropo – med eit snev av soul, R&B og pop – i det som blir ein heilt eigen LADAMA-stil.

KOBO TOWN / DJ CLAPTRAP



Oppkalla etter nabolaget Kobo Town, fødestaden til calypsoen, blir musikken deira skildra som ei rusande blanding av melodisk calypso-humor, dancehall-reggae og trombonetung brass. Frontfigur Drew Gonsalves frå Trinidad skriv songar som både er grublande og glade, med djupe røter i karibisk folkemusikk. Blanda med reggae, ska og moderne uttrykk skaper Kobo Town ein drivande, lystig calypso-rock som er lett å bevege seg til. Bli med og dans! DJ ClapTrap spelar mellom setta og heilt til slutt.



FESTIVALGUDSTENESTE

11.00–12.30 Førde kyrkje
Gudsteneste med festivalmusikalsk tonefølgje.

MAIJA KAUHANEN & JOHANNES GEWORKIAN HELLMAN

11.30–12.30 Teatersalen, Førdehuset



Majja Kauhanen frå Finland, som vann Nordisk Råds Musikkpris i 2023, og Johannes Geworkian Hellman frå Sverige er kjende for sine sterke personlege uttrykk og unike evner til å fornye spelet på sine respektive instrument. I ei magisk klangverd fargelagd med kantele, dreielire og stemmer, tek duoen oss til ein tidlaus stad der instrument med 1000-årige røter møter notid.

FAMILIESØNDAG

12.00–14.30 Førdehuset

Kom til Førdehuset og bli med på kjekke opplevingar for små og store. Det blir konsertar, dans og ulike aktivitetar. I samarbeid med Førde bibliotek.
Detaljert program vert publisert på fordefestival.no, Facebook og på oppslag.

OPHEIM / APELAND / ØKLAND

13.30–14.30 Førde bedehus

Vi inviterer til den aller første festivalkonserten i Førde bedehus med ein himmelsk folkemusikktrio: Berit Opheim, Sigbjørn Apeland og Nils Økland! Gled deg til vakker vokal frå ein av våre aller finaste folkesongarar, akkompagnert av trøorgel, feler og viola d'amore.

MARJAN VAHDAT OG TORD GUSTAVSEN: OUR GARDEN IS ALONE

15.00–16.00 Storsalen, Førdehuset



I eit land med strenge restriksjonar mot at kvinner kan syngje offentleg, har iranske Marjan Vahdat lært av meistrane i persisk musikk. Ho har måtte forlate sin persiske hage og sitt paradisi; Iran, og bur no i eksil i California. Med ei klar og uttrykksfull stemme formidlar ho fortvilinga og lengten etter heimlandet. Når ein del av henne er i dagslys, ser den andre delen berre nattehimmelen. Til Førde kjem ho med den kjente jazzpianisten Tord Gustavsen og eit stjernelag av musikarar.

LADAMA

17.30–18.30 Sognefjord akvarium, Balestrand
Sjå omtale laurdag.

LENA JONSSON TRIO

17.30–18.30 Løa i Jakob Sande-tunet, Dale



Sjå omtale av konsert på Hafstadfjellet laurdag. Gratis buss frå Førdehuset kl. 16.15 med retur etter konserten.

FESTIVALFILM: JE'VIDA

18.30–20.10 Lisjesalen, Førdehuset
Sjå omtale onsdag. I samarbeid med Kino Førde.

FESTIVALKURS OG KONFERANSE



Sousou & Maher



Duo Kurbasy



Anita Langødegård

ONSDAG 3. JULI	Arena	Billettprisar
12.00–13.30 Folkedanskurs med Tone, 8–12 år	Gymsalen, Sunnfjord fhs.	Gratis
14.15–15.45 Folkedanskurs med Tone, 13–19 år	Gymsalen, Sunnfjord fhs.	Gratis
FREDAG 5. JULI	Arena	Billettprisar
09.00–10.00 Yogaverkstad med Sousou & Maher	Yoga Sunnfjord, Spenst	300/200
10.00–12.00 Polyfon song med Duo Kurbasy	Musikkrommet, Førdehuset	300/200
22.30–23.00 Danseskule med NMH-studentar	Larris Scene, Scandic	Gratis m/konserbill.
LAURDAG 6. JULI	Arena	Billettprisar
10.00–12.00 Munnharpekurs med Birger Mistereggen. Nybyrjar.	Sakralrommet, Førdehuset	300/200
11.00–11.45 Familieverkstad: Mål ditt eige strandamåleri	S og Fj. Kunstmuseum	75
12.00–12.45 Familieverkstad: Mål ditt eige strandamåleri	S og Fj. Kunstmuseum	75
SØNDAG 7. JULI	Arena	Billettprisar
12.00–12.30 Hallingskurs for born med Anita Langødegård	Sakralrommet, Førdehuset	75
14.00–14.30 Hallingskurs for born med Anita Langødegård	Sakralrommet, Førdehuset	75

Meld deg på kurs ved å kjøpe kursbillett på [TicketCo.no](https://www.ticketco.no). Les meir om kurs på [fordefestival.no](https://www.fordefestival.no)



UNGLÅT 2024

2.–4. JULI PÅ SUNNFJORD FOLKEHØGSKULE

Sommarkurs i folkemusikk og folkedans for deg mellom 8 og 19!

Unglåt er eit vestlandsk sommarkurs for folkemusikk- og folkedansinteresserte born og unge i alderen 9 til 18 år, og vert arrangert 2.–4. juli på Sunnfjord FHS. Her vert det kurs i hardingfele, fele, trekkspel, folkedans og masse leik og moro.

Dans: Tone Ingvaldsen
Trekkspel: Kristina Bjørdal
Hardingfele: Irene Bjørke, Håkon Høgemø, Alexander Røystrand
Fele: Johanne Mjøs, Jo Einar Janssen

Meir info om arrangementet, timeplan, instruktørar, påmelding og anna finn du på [unglaat.no](https://www.unglaat.no)

BILLETTINFORMASJON

Enkeltbilletter og pass til Førdefestivalen kjøper du på Ticketco.no og på billettkontoret. Sjå prisar i festivalguiden.



Opheim / Apeland / Økland



Kartellet

HER KJØPER DU BILLETAR

-  TicketCo
- fordefestival.no
- billettkontor i Førdehuset
- billettvogn ved Elvetorget

For spørsmål om billetter og program, ring oss på 46 90 50 10 eller send epost til: billetter@fordefestival.no

For full informasjon om billetter på festivalen, sjå fordefestival.no

Med atterhald om feil og endringar.

Festivalpass KR 1200

Festivalpass 2024 inkluderer fem konsertar (verdi kr 2 260,-) i tillegg til tre dansearrangement i Festsalen på Førdehuset (verdi kr 600,-) og gjev stor rabatt på alle andre konsertar. Publikum med festivalpass får rabatt på inngang til festivalutstillinga i Sogn og Fjordane Kunstmuseum under festivalen.

Passbilletter må bytast inn i armband i billettvogna ved Elvetorget eller billettkontoret i Førdehuset.

Følgjande konsertar er inkluderte i Festivalpasset (unummererte plassar på tribuner og galleri):

TORS DAG 4. JULI KL. 20.00:
**OPNINGSKONSERT:
RØTER**
Idrettshallen, Førdehuset

FREDAG 5. JULI
KL. 20.00:
**KELTISK FESTKVELD:
JULIE FOWLIS / ÍMAR**
Idrettshallen, Førdehuset

LAUR DAG 6. JULI KL. 16.30:
VOTIA
Parken, Festplassen

LAUR DAG 6. JULI KL. 20.00:
NORDISKE RØTER
Idrettshallen, Førdehuset

SØNDAG 7. JULI KL. 15.00:
**MARJAN VAHDAT OG
TORD GUSTAVSEN**
Storsalen, Førdehuset

Eigar av Festivalpasset kan kjøpe sete med nummer på felt A, B og C på golvplan til kr 50,- i Idrettshallen.

BARNEBILLETAR

Born under 14 år kr 75 på alle konsertar og barnekurs.

PLASSBILLETAR I IDRETTSHALLEN, FØRDEHUSET

Kjøp plassbillett på golvplan for kr 50. Unummererte plassar på tribuner og galleri.

STORSALEN

Her er det plassbilletter på konserten med LINA_ fredag 5. juli kl 17.00.

RABATAVTALAR

Bergens Tidende, BOB, og Den norske turistforening.

BILLETTKONTORET I FØRDEHUSET I FESTIVALVEKA:

Måndag–tysdag: 09.00–20.00

Onsdag: 09.00–22.00

Torsdag–laurdag: 09.00–24.00

Søndag: 10.00–18.00

VELKOMEN TIL ÅRETS KULTURKONFERANSE I FØRDE!

FØRDEKONFERANSEN 2024

Røter og føter

TORS DAG 4. JULI KL 09.30–16.00 Amfi Eikaas, Scandic



Programleiar **Astrid Versto** er tidlegare journalist i NRK og informasjonssjef ved Slottet

Røtene våre er med på å definere kven vi er. Så legg vi ut på våre korte og lange reiser i verda, og enkelte vender aldri tilbake. Røter kan avgrense og binde oss fast, men gjer oss også trygge og stødige i møte med det ukjende.

Førdekonferansen 2024 samlar innleiarar som tek opp ulike sider ved kulturarv. Nokon vil ta vare på

den, uendra. For andre er kulturarven i konstant endring. Du møter også dei som nyttar røter som inspirasjon og i motstandskamp.

På konferansen inviterer vi til refleksjonar rundt kva røter kan vere og kva dei kan brukast til og korleis dei er viktige for innleiarane på ulikt vis.



Røter som gjev tankane føter – om Mimebrunnen som kjelde til visdom og innsikt.

Professor **Paul Otto Brunstad** ved HVL hjelper oss å løfte blikket og sjå dei store linjene.



Setesdalsfolk på Unesco si immaterielle kulturarvliste **Astri Rysstad**, tidlegare kultursjef i Bykle og Suldal, fortel om arbeidet med å komme på Unesco-lista. Samtale med Versto.



Ukrainske røter som musikalske våpen – **Nataliia Rybka-Parkhomenko** og **Mariia Oneschak** frå Duo Kurbasj fortel om korleis dei brukar folkemusikken som aktivitet, trøyst og til å skape samhald i krigstid.



Når røyndom blir litteratur er tittelen på samtalen med **Brynjulf Jung Tjønn** og **Irene Kinunda Afriye**. Dei er begge forfattarar som nyttar egne erfaringar og røter i tekstane sine.



Alt Går Bra, Branko Boero og Agnes Nedregård, er eit kollektiv for visuell kunst som siktar mot å fornye vegane i samtidskunsten. **Rotlandskap: Strandamålarane**, landskapsmålalarar frå Vestlandet er utgangspunktet for årets festivalutstilling.



Frå skog til scene Førsteamanuensis i musikk ved HVL, **Egil Haugland**, er utøvande musikalr og ein kjend gitarbygger. Bruk og gjenbruk av tremateriale frå nærmiljø har vore eit mål i Haugland si tilnærming til gitarbygginga.



Naturen er vår heim **Margreth Olin** tek oss med heim, til røter og slekt og lar oss ta del i naturopplevingane som er utgangspunktet for Fedrelandet, filmen som blir vist på kino og festivalar verda over.



Musikkjournalist **Sigbjørn Nedland** snakkar om Musikk og migrasjon. Om musikk som vandrar inn og ut av land og riker, og inn og ut av norske daler og bygder. Han gav i fjor ut boka Kultur-retur. Musikkens reiser i historien og i geografien.



Dei viktige arkiva Med synlege og tilgjengelege arkiv kan ein bidra til at endå fleire historier vert fortalt, og at kulturarvperspektivet vårt vert meir rikholdig. **Unni Løvid**, NMH, musikalr **Cédric Dind-Lavoie** (foto) m.fl

For oppdatert program, påmelding og prisar, sjå fordefestival.no



FESTIVALUTSTILLING

ALT GÅR BRA (AGB):

Kunst i dei tusen heimar

ONSDAG 3. JULI KL 19.30:
KUNSTVANDRING MED AGB
S og Fj. Kunstmuseum

FREDAG 5. JULI KL. 11.15:
FANEPARADE MED AGB
Torgscena til Førdehuset

I utstillinga Kunst i dei tusen heimar skildrar AGB si oppdagingsreise gjennom strandamåleria si unike historie. Utstillinga tek føre seg ulike aspekt ved AGB sine funn og refleksjonar rundt kva som kan reknast som kunst? Kva rolle spelar strandamålarane i våre kollektive førestillingar om det norske landskapet, kva er skilnaden mellom landskap og natur, og korleis kan vi leve berekraftig og i harmoni med naturen in dag? I samarbeid med Sogn og Fjordane Kunstmuseum.

KAFFIPRATEN RØYST I NYNORSKHUSET

GRATIS INNGANG

Nytt høvet til å bli betre kjend med nokre av festivalartistane når Jo Frost, tidlegare redaktør i det internasjonale musikkmagasinet Songlines, inviterer dei til uformelle samtalar på Røyst i Nynorskhuset.



Jo Frost

TORS DAG



12.30–12.50
**ERLEND APNESETH
OG KARIN
NAKAGAWA**

FREDAG



12.30–12.50
JULIE FOWLIS

LAUR DAG



11.30–11.50
MARJAN VAHDAT

LAUR DAG



14.00–14.20
**DREW GONSALVES
(KOBO TOWN)**

SAMARBEIDSPARTAR OG STØTTESPELARAR



NORSK
KULTURFOND
Kulturrådet



Utenriksdepartementet

FOLK
ORG



Tekstallianse



Forum of worldwide
music festivals



SOGN OG FJORDANE
KUNSTMUSEUM




RIKSSCENEN

SKOGSTAD


MUSIC NORWAY



Lávre



Lena Jonsson Trio



Yuşan Zillya

RØTER

Røter og tradisjonar har til alle tider vore med å definere kven vi er og kven vi var. Dei strekkjer seg ut og vev seg saman med andre til ei bru mellom i går og i dag. Velkomen til møte med musikarar frå heile verda som held musikktradisjonar i hevd, gjev dei nytt liv og gjer dei aktuelle for nye generasjonar og nye publikum. Velkomen til den 34. Førdefestivalen!



Sjekk årets
speleliste på Spotify!
@Fordefestival

ARTISTAR 2024

LINA_FADO CAMÕES (Portugal), **MARJAN VAHDAT OG TORD GUSTAVSEN** (Iran, Noreg), **JULIE FOWLIS** (Skottland), **PUULUUP** (Estland), **AZIZA BRAHIM** (Vest-Sahara, Spania), **BOUBACAR TRAORÉ** (Mali), **VOTIA** (Réunion), **ÍMAR** (Skottland), **KOBO TOWN** (Canada), **GJERMUND LARSEN TRIO** (Noreg), **LADAMA** (Brasil, Venezuela, Colombia, Nederland), **GROOVE&** (Korea), **CÉDRIC DIND-LAVOIE** (Canada), **MAIJA KAUHANEN & JOHANNES GEWORKIAN HELLMAN** (Finland, Sverige), **PERKVERKET** (Noreg, Sverige, Nepal, Burkina Faso, Slovakia, Iran), **ERLEND APNESETH OG KARIN NAKAGAWA** (Noreg, Japan), **ALI DOĞAN GÖNÜLTAŞ TRIO** (Tyrkia), **LÁVRE** (Sápmi), **SOUSOU & MAHER CISSOKO** (Sverige, Senegal), **TUVA FÆRDEN: GREINER** (Noreg, Iran, Brasil, Japan), **SPØKET I KÖKET** (Sverige, Danmark, Belgia), **YUŞAN ZILLYA** (Ukraina), **LENA JONSSON TRIO** (Sverige), **MADAM JAM** (Noreg), **GABRIEL FLIFLET BAND: I LYS LOGE** (Noreg), **DUO KURBASY** (Ukraina), **MAMELUKK DANSEKOMPANI: LIVMØDRE** (Noreg), **LIV GULBRANDSEN** (Noreg), **OPHEIM / APELAND / ØKLAND** (Noreg), **MOJNA** (Sverige, Noreg), **NAALJØS LJOM** (Noreg), **KARTELLET: AN DRAN DRIN DREKT** (Noreg), **ULF-ARNE JOHANNESSEN: Å REKKE Å ELSKE** (Noreg), **DJ CLAP TRAP** (Tyskland), **KOMPANI BYRE** (Noreg), **MURAKAMI/FÆRDEN** (Brasil, Noreg), **SILJE ONSTAD HÅLIEN OG ARTURO TOVAR: SYKKELI LYKKELI** (Noreg, Mexico), **GABRIEL FLIFLET** (Noreg), **ROLF ROYS** (Noreg), **BRITT PERNILLE FRØHOLM** (Noreg), **SAFAA AL-SAAD** (Irak, Noreg), **INDRE SUNNFJORD SPELEMANNSLAG** (Noreg), **SUNNFJORD JUNIORSPELEMANNSLAG** (Noreg)



Design: Unnerket
Illustrasjon: Pinar Bayraktar
Trykk: Printform

førdefestivalen



@fordefestival

fordefestival.no